

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 2. DESEMBER 2021
KL. 13.00 I MOSTER AMFI, BØMLO**

Desse deltok:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Svein Dahle Soleng	Fitjar kommune
Gaute S. Epland	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Forfall:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune – Hilde Enstad, Kvinnherad kommune – Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune - Magnus Mjør, Stord kommune

Administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust
Anne Almås Tranøy

Før møte vart det omvising på Moster Amfi v/dagleg leiar Nina M. Olsen, samt presentasjon av «Behovsanalyse hurtigbåt» v/Asplan Viak, «Fjordmetro» v/Kvinnherad kommune og «Moster 2024» v/dagleg leiar Elsa Aanensen.

Etter møte vart det orienteringar frå «nye Bømlo vidaregåande skule» og Bømlo hotell.

Sakslista:

- Sak 40/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 15. oktober d.å.
Sak 41/21 Budsjet 2022
Sak 42/21 Forslag til møteplan 2022
Sak 43/21 Uttale – Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 – 2025
Sak 44/21 Skriv og meldingar
a) Uttale – Utviklingsplan for Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus AS
b) Planlegge tema for møter med stortingspolitikarar og departement 11.-13. januar
c) Drift og prosjektorienteringar
Sak 45 /21 Strategiplan 2022 – 2025
Sak 46 /21 Ymse

Sunnhordland, 8. desember 2021

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 2. DESEMBER 2021
KL. 13.00 I MOSTER AMFI, BØMLO**

Sakslista:

Sak 40/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 15. oktober d.å.

Samrøystes

Sak 41/21 Budsjet 2022

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner budsjettet for 2022 slik det ligg føre.

VEDTAK:

Samrøystes

Sak 42/21 Forslag til møteplan 2022

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner møteplan for 2022 slik den ligg føre.

På møte:

Det vart i møte bedt om at alle planlagde samlingar/møter bør leggest inn i møteplanen.

Administrasjonen vart bedt om å oppdatere møteplanen for 2022 der alle planlagde arrangement/møter i løpet av året vert lagd inn.

Administrasjonen sender ut ny møteplan til Samarbeidsrådet etter at den er revidert.

VEDTAK:

Administrasjonen oppdaterer møteplan for 2022 der alle planlagde arrangement/møter som skal gjennomførast i løpet av året 2022 vert lagd inn.

Administrasjonen sender ut revidert møteplan til Samarbeidsrådet.

Sak 43/21 Uttale – Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 – 2025

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen slik den ligg føre.

På møtet:

Administrasjonen orienterte om at uttalen ikkje vart klar til møtet grunna høgt arbeidspress.

Administrasjonen ba vidare Samarbeidsrådet gje arbeidsutvalet fullmakt til å godkjenne uttalen til Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 – 2025.

Administrasjonane kommenterte at uttalen i tillegg kan sendast til dei to kommunane som ikkje er representert i arbeidsutvalet.

Når uttalen er godkjent vert den sendt til Vestland fylkeskommune innan høyringsfrist 12. januar.

VEDTAK:

Samarbeidsrådet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å handsama uttalen vedr. Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025 i møte 6. januar 2022.

Uttalen vert i tillegg sendt til godkjenning hos kommunane Kvinnherad og Tysnes som ikkje er representert i arbeidsutvalet.

Sak 44/21

Skriv og meldingar

- a) **Uttale - Utviklingsplan for Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus AS.**
- b) **Planlegge tema for møter med stortingspolitikarar og departement 11.-13. januar**
- c) **Drift og prosjektorienteringar**

På møte:

Dagleg leiar informerte om følgjande:

- a) **Uttale til Utviklingsplan for Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus**
Styreleiar og dagleg leiar har i samråd med arbeidsutvalet sendt støtteerklæring til Utviklingsplan for Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus.

- b) **Planlegge tema for møter med stortingspolitikarar og departement 11.-13. januar 2022**

Samarbeidsrådet vart bedt om å kome med innspel til kva tema ein skulle ta opp med dei ulike departementa ein skal ha møte med. Det er sendt førespurnad til følgjande departement:

- Kommunaldepartementet
- Nærings- og fiskeridepartementet
- Samferdselsdepartementet
- Olje- og energidepartementet
- Forsvarsdepartementet – har gitt tilbakemelding om at dei ikkje kan møte Samarbeidsrådet.

Ordførarar og kommunedirektørar sender innspel til dagleg leiar innan tysdag 7. desember på kva tema ein skal diskutera med dei ulike departementa.

Ordførarar og kommunedirektørar melder snarast råd tilbake til administrasjonen om kven som skal vera med til Oslo 11.-13. januar.

c) Drift- og prosjekt orienteringar

Geopark Sunnhordland:

- Søknad om UNESCO-status er sendt til Geopark-kommisjonen som har stadfesta motteken søknad.
- Administrasjonen orientert i tillegg om at representantskapet til Samarbeidsrådet ynskjer å vera generalforsamlinga til Geopark Sunnhordland AS.

Det kom innspel på møte at Samarbeidsrådet for Sunnhordland sjølve ynskjer å vera generalforsamling til Geopark Sunnhordland AS.

Administrasjonen vart bedt om å lage sak til styret i Samarbeidsrådet.

Kommunale klimatiltak:

- Administrasjonen orienterte om at prosjekt Kommunale klimatiltak - miljøsertifisering av kommunane, er ferdig sluttrapportert. Fylkeskommunen er nøgd med resultatet der 5 av 7 kommunar er sertifisert med ein eller fleire einingar.

Kommunane har sjølve forskottert for etableringskostnad iht. sertifiseringa. I budsjettet er det lagt inn eigen post som skal dekke mesteparten av denne kostnaden for kommunane.

Administrasjonen bed kommunane sende faktura på etableringskostnaden knytt til sertifiseringa.

Ny Sunnhordlandsfilm:

- Administrasjonen presenterte den nye Sunnhordlandsfilmen, som skal fremja bu og arbeidsregionen. Den er eit ledd i marknadsføringa for å tiltrekke oss ny arbeidskraft, med fokus på det grønne skifte etc.

Samarbeidsrådet tek orienteringa til følgje.

Sak 45 /21 Strategiplan 2022 – 2025

Planen vart lagt fram til drøfting i møte.

På møte:

Samarbeidsrådet gjekk på møte gjennom forslag til Strategiplan 2022 – 2025. Administrasjonen arbeidar inn dei ulike innspela som kom i møtet og sender ut til kommunane for godkjenning.

VEDTAK:

Administrasjonen arbeidar inn dei ulike innspela som kom i møtet og sender ut til kommunane for godkjenning.

Sak 46 /21 Ymse

Samarbeid med Haugalandet

- Agenda konferansen:
Administrasjonen orienterte om at dagleg leiar hadde fått førespurnad om delta i ressursgruppa til Agenda-konferansen på Haugalandet og ønskte tilbakemelding frå Samarbeidsrådet om dette var noko ein skulle takk ja til. Samarbeidsrådet var positiv til dette.
- Mogleg samarbeidsområde:
Samarbeidsrådet ønskjer ein gjennomgang på kva områder ein skal samarbeide med Haugalandet på. Sak vert tatt opp under felles møte i AU den 6. januar med Haugland Vekst.

Arendalsuka 2022

- Administrasjonen ba om tilbakemelding om ein skulle delta på Arendalsuka i 2022. Samarbeidsrådet var positiv til å delta i 2022, men ønskjer ei evaluering og drøfting etter deltaking om Arendalsuka er noko ein skal delta på vidare.

Studietur 2022

- Samarbeidsrådet har tidlegare drøfta at ein evt. studietur bør gjennomførast tidleg i valbolken.

I januar 2021 drøfta og vedtok Samarbeidsrådet å gjennomføre ein studietur i løpet av våren. Fokuset skulle vera tettstadsutvikling og utvikling av parkar/fellesområde. Etter samråd med Samarbeidsrådet sendte ordførar Morten Storebø inn forslag til studietur til adm. pr. 5. mars i år – notat «Nyskapande aktivitetssanlegg og lokale møteplassar».

Grunna Covid-19 vart studieturen utsett.

I møte 2. desember 2021. vart det på nytt fremma ønskje om å gjennomføre studietur våren 2022. Samarbeidsrådet gav positiv attendemelding på dette og ba administrasjonen planlegge mot ein studietur våren 2022.